

ETNE KOMMUNE
Staben

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
03 JUNI 2008
ARKIVKODE: 411
SAKSNR: 200800301-132

Ikkje offentlig

Fornyings- og Administrasjonsdepartementet
Postboks 8004
0030 OSLO

Etne, 02.06.2008

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2008000500/2008003208

Arkiv:

N-110

Sakshandsamar:

JAV

HØRINGSBREV NOU 2007:12 OFFENTLIG INNKREVIING

Etne kommune vil gå mot forslaget om statleggjering av skatteinnkreving. Etne kommune støttar mindretalet sine merknader i høyringsbrevet, representert ved Solveig Løhaugen.

Etne kommune ber at staten sluttar sine mange forsøk på å statleggjera ei kommunal innkrevingsordning som fungerer svært godt!


Etne kommune vil spesielt nemne:

- Staten har aldri klart å legge fram dokumentasjon på at statleggjering vil gjera innkrevingsoppgåva meir effektivt. Tvert i mot kan kommunane vise til svært gode resultat på innkreving, både av skatt og øvrige kommunale krav. Dagens ordning fungerer svært godt og kommunane oppnår synergjar med øvrig kommunal veksemd.
- Det er ikkje dokumentert at statleggjering vil gi gevinstar for verken samfunnet eller for brukarane.
- Erfaringar frå Danmark viser at statleggjering førte til tap av store inntekter. Det er grunn til å tru at det same vil skje i Noreg.

Det er grunn til å tru at statleggjering vil gi dårlegare resultat enn dagens ordning og fram til staten har lagt fram dokumentasjon på det motsette må dagens ordning halde fram.

Med helsing

Jan Anders Vinje
Stabsleiar


e.f. Alice K. Tjelflaat

